

Innsamling måndag til Ukraina

13.05.2014



Situasjonen er framleis spent i og rundt Ukraina og i ein periode i vinter vart hjelpesendingane dit utsett. Seinare har dei imidlertid gått etter programmet og gjer det framleis. Difor vert innsamlinga måndag gjennomført med stopp også i Uskedalen, opplyser den lokale eldsjel Tormod Myklebust. Han har køyrt mange gonger til Ukraina men vert ikkje med denne gongen, opplyser han til uskedalen.noTKH-stiftelsen står bak minst 22 turar i året.

Det er brukte klær, sko, sengetøy, gardiner og leiker som framfor alt bør sendast nedover og det er ei transportstøtte på 50 kroner pr. sekk. Stoppetidene i Kvinnherad vert annonsertei Grenda og Kvinnheringen.

På biletet er utlastinga igang i Ukraina etter ei tidlegare sending.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Tormod Myklebust